

Seglingsvedtekter for Ran's Sumarregatta 2011 og KM T/H dag 1



Laurdag 4. juni 2011

1. Reglar

ISAF's kappseillingsregler 2009-2012 (RRS) med Skandinavisk Seglforbunds tillegg. Gjeldande LYS-reglar og aktuelle klassebåtar sine klassereglar. HSK sine reglar for Kretsmesterskap for T/H og HordaCupen 2011. Regattaen er underlagt tryggleikskategor 6.

2. Tryggleik og ansvar

Regattaen er underlagt tryggleikskategori 6. Det er ein ufråvikeleg føresetnad at arrangøren eller nokon av foreininga sine funksjonærar, ikkje kan gjerast ansvarleg for nokon skade som ramar person eller eigedom under, eller i samband med kappseglasen.

Skipper på kvar enkelt båt har aleine ansvar for å avgjere om båten skal starte eller ikkje, eller om han skal halde fram med å kappsegle eller ikkje.

Det vert tilrådd på det sterkaste å bruke redningsvest eller anna personleg flyteplagg under kappseglasen.

3. Endringar av seglingsvedtektene

Eventuelle endringar i seglingsvedtektene vert kunngjort ved oppslag ved regattakontoret laurdag klokka 09.00. Dette vert signalisert med signalflegg J.



4. Tidsprogram og klasseinndeling

Fyrste varselsignal vert gitt kl. 11.00.

Klasseinndeling, klasseflagg og starttrekkjefylgje vil framgå av deltakarlista, som vert publisert på www.ranseil.no torsdag 2. juni kl. 24.00.

Det vert ikkje gjeve varselsignal etter laurdag 4. juni klokka 15:00.

5. Bane, løp og merker

Seglasen går føre seg i Hjeltefjorden med Hauglandsosen som reservebane – sjå sjøkart 23.

Alle klassar seglar inntil tre løp på trekantbane.

Sjå prinsippskisse for dei ulike løpsalternativa i vedlegg a-e.
Løpsalternativet vil bli vist med nummerskilt seinast ved varselsignal.

Start og mållinje vil vere siktelinja mellom to oransje kuleforma bøyer.
Alle merker vil vera oransje kuleforma bøyer.

6. Maksimaltid

Maksimaltid for kvar seglas er 2 timar og 30 minutt for fyrste båt i kvar klasse. Båtar som ikkje går i mål innan 30 minutt etter den fyrste båten i sin klasse vert notert som DNF. Dette endrar reglane 35 og A4.

7. Poengsystem

Lavpoengsystemet i Appendiks A vil bli nytta.

8. Protestar

Fristen for å protestere er 30 minutt etter at komitébåten kjem til kai i Anglevik.
Det vert sett opp oppslag om nøyaktig protestfrist på vinduet til regattakontoret.
Protestar skal leverast skriftleg på regattakontoret.

Meldingar om innkomne protestar vert slått opp på vinduet til regattakontoret tilliks med informasjon om kvar og når høyring vil skje.

Etter seglasen er regattakontoret ope til ein time etter protestfristen.

9. Premiering


1/3 premiering til båtane i kvar klasse. Premieutdeling finn stad i Anglevik etter seglasane og evt. protestar er handsama, i samband med festen. Resultata vert publisert på www.ranseil.no så snart som råd etter seglasane.

Spørsmål i samband med regattaen kan rettast til regattasjef Jens Riis (99 57 57 70)

God seglas!




Vedlegg a:




Start-1b-2b-3b-1b-3b-mål

Vedlegg b:




Start-1b-2b-3b-1b-3b-1b-3b-mål

Vedlegg c:




Start-1s-2s-3s-1s-3s-mål

Vedlegg d:



Start-1s-2s-3s-1s-3s-1s-3s-mål

Vedlegg e:



Start-1b-3b-1b-3b-mål